



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Administrasjonsutvalet

**Møtestad:** Voldsfjorden, Rådhuset

**Dato:** 25.01.2018

**Tid:** 12:30

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønsker å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneholder informasjon som er unntak til offentligheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 3/18	<b>Debathefte - KS spør. Hovudtariffoppgjeret 2018, IA, pensjon og bemanningsnorm</b>

**PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Lyngstad	Arkivsak nr.:	2017/145
		Arkivkode:	510

<b>Utvaksnsnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
3/18	Administrasjonsutvalet	25.01.2018

## **DEBATTHEFTE - KS SPØR. HOVUDTARIFFOPPGJERET 2018, IA, PENSJON OG BEMANNINGSNORM**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Saka blir lagt fram til drøfting og utan tilråding

### **Uprenta saksvedlegg:**

Debathefte 2018:

<http://www.ks.no/contentassets/184e492288a640688220732e972622fa/debathefteks2018.pdf>

### **Samandrag av saka:**

I Debatheftet presenterast det økonomiske grunnlaget for Hovudtariffoppgjeret 2018, og KS ber om innspel til fordeling av den disponible ramma. I tillegg stilles det spørsmål om pensjon, mulig reforhandling av IA-avtalen og korleis KS skal forhalde seg til statlige pålegg om bemanningsnormer og kompetansekrav. Administrasjonen legg frem nokre stikkord som utgangspunkt for drøfting i Administrasjonsutvalet. Frist for innspel til KS er 26.01.2018.

### **Saksopplysningar/fakta:**

#### **1. Hovudtariffoppgjeret 2018**

I 2018 er det hovudtariffoppgjer. Det kan forhandlast om heile Hovudtariffavtalen (HTA), og det gjennomførast samtidig sentralt lønnsoppgjør. Hovudtariffavtalen er eit sentralt virkemiddel for at kommunar og fylkeskommunar skal kunne levere tenester av god kvalitet.

Om partane ikkje kjem til einighet under forhandlingane, går oppgjeret til mekling. Dersom det ikkje oppnåast einighet i meklinga, kan det bli streik.

KS har som arbeidsgjevarorganisasjon fått fullmakt til å inngå sentrale tariffavtalar på våre vegne. Det er Hovudstyret i KS som vedtek forhandlingsmandat for forhandlingane. I høve KS sine vedtekter skal Hovudtariffavtalen vedtakast gjennom uravstemming når forhandlingane er ferdig. Det kjem fram av kommunen sitt delegasjonsreglement at det er Administrasjonsutvalet som stemmer på vegne av Volda kommune. Særavtaleforhandlingar godkjennast gjennom vedtak i KS Hovudstyre.

KS har no sendt ut årets debatthefte for å sikre brei forankring hos medlemmane gjennom politiske prosessar i kvar kommune og fylkeskommune og på dei fylkesvise strategikonferansane.

Kommunestyret har det overordna arbeidsgjevaransvaret i den enkelte kommune, og personalsjefen, etter fullmakt frå rådmannen, legg derfor frem problemstillingane og spørsmål i debatheftet til politisk behandling. Etter delegering er det arbeidsgjevarsida i Volda kommune som uttalar seg på vegne av Volda kommune.

## **Dei økonomiske rammene**

Etter nesten tre år med nedgangskonjunktur har veksten i norsk økonomi tatt seg noko opp, og det ventast ein moderat reallønnsvekst i 2018. KS bidreg gjennom det inntektpolitiske samarbeidet til eit ansvarleg lønnsoppgjør der resultatet i frontfaget leggast til grunn.

Resultatet av mellomoppgjeret i 2017 gjer at ei god del av ramma for lønnsoppgjeren i 2018 allereie er brukt. Verknadstidspunkt for tillegg i 2017 saman med anslått lønnsgliding bidreg til at om lag 1,8 prosent av årslønnsveksten er bunden opp før forhandlingane startar.

Den disponible ramma kan brukast til eit eller fleire økonomiske element. Det er vanlegvis generelt lønnstillegg, midlar til lokale forhandlingar og regulering av anna godt gjersle t.d kvelds- og helgetillegg. Det må det vurderast om midlane som er til disposisjon i årets oppgjør vil gi moglegheiter til å nytte alle tre element.

## **Pensjon**

Det arbeidas for tida med å få på plass endringar i offentleg tenestepensjon og AFP (avtalefesta pensjon). Arbeids- og sosialministeren er leiar for arbeidet fordi det berørar både statleg og kommunal sektor. I staten er tenestepensjonsordningane lovheimla og kan dermed endrast av Stortinget, mens tenestepensjonsordningane i KS' tariffområde er heimla i Hovudtariffavtalen og endringar må gjennomførast gjennom forhandlingar. Det blir derfor viktig følge arbeidet med pensjonsreforma utover vinteren for eventuelt å kunne bringe det inn i Hovudtariffoppgjeren.

KS har som mål for tilpassingane i ny offentleg tenestepensjon at ordningane skal opplevast som gode og trygge, og dermed bidra til styrka rekruttering. Det blir viktig med meir føresielege pensjonsutgifter for arbeidsgjevarane og avgrensingar i kostnadsveksten.

## **2. IA-avtalen – reforhandling**

IA-avtalen blei inngått mellom arbeidslivets partar og staten i 2001, for å bidra til redusert sjukefråvær, auke sysselsettinga av personer med nedsett funksjonsevne og heve eldre arbeidstakarar si avgangsalder. Sida 2001 har det samla sjukefråværet i Norge gått ned, og det er utviklet fleire verkemiddel og regelendringar på nasjonalt nivå for å bidra til reduksjon av sjukefråværet.

I kommunesektoren har fråværet økt i same periode, frå 8,4 til 9,6 prosent. Det vil si at ca 1 av 10 er borte frå jobb kvar dag på grunn av sjukdom. Sjukefråværet er spesielt høgt i enkelte kommunale tenesteområde, som helse- og omsorg og barnehagar. Det er midlertidig store forskjellar i sjukefråværet mellom kommunar.

14, 5 pst av de tilsette i kommunal sektor oppgjeve å ha redusert funksjonsevne. Dette er høgare enn for staten og privat sektor. Avgangsalderen i kommunal sektor har auka og er no 63,9 år mot 61,5 år i 2001.

IA-avtalen har vore reforhandla fleire gongar og noverande avtale går ut ved utgangen av 2018.

KS ønsker innspel frå medlemmane særleg om kva som kan vere hensiktsmessig samarbeidsformer og tiltak for å redusere sjukefråværet og inkludere fleire i arbeid.

### **3. Korleis møte forslag om bemanningsnormer og kompetansekrav?**

KS spør i debattheftet om korleis dei på vegne av medlemmane skal halde seg til nye forslag til bemanningsnormer og kompetansekrav. Bakgrunnen er fleire lovkrav og forslag knytt til bemanning og kompetanse.

Bindande krav på verksemdsnivå vil kunne avgrense lokaldemokratiets og arbeidsgjever sitt handlingsrom. KS viser også til usikkerheit knytt til om kommunen kompenserast økonomisk fullt ut ved innføring av slik normer. I nokre tilfelle vil innføring av bemanningsnormer på eit område innebere at ein må omprioritere frå andre tenesteområdar.

Særlig aktuelt er diskusjonen om lærartettleik og kompetansekrav i skole og føreslått bemanningsnorm i barnehage.

### **4. Spørsmål til debatt**

I debattheftet for 2018 stillast det fire spørsmål. Administrasjonen ved personalsjefen har knytt sine kommentarar til kvart enkelt spørsmål som eit utgangspunkt for diskusjon i administrasjonsutvalet.

- 1. Kva element i oppgjaret (t.d generelle tillegg, lokal pott eller anna godtgjersle) skal prioriteraast innafor den disponibele ramma?**
  - laurdags- og søndagstillegg, samt nattillegg for turnusmedarbeidarar for å rekruttere og behalde sjukepleiarar og fagarbeidarar i helse- og omsorgstenestene
  - vurdere ansiennitetsbestemmingane knytt til ufaglært og faglært, samt auke forskjellen mellom dei to gruppene på lønsstigen.
  - lokal pott må kome med føringar knytt til rekrutteringsproblem lokalt
- 2. Er det andre tema eller målsettingar KS bør ta med seg i det vidare arbeidet med ny offentleg tenestepensjon?**
  - gjere ei utredning av innføringa av AFP, dei reelle forholda i arbeidsmarknaden på den tida og intensjonane bak ordninga, og vurdere om premissane for ordninga har endra seg.
  - det må gjerast ei kartlegging og ei analyse av kven som brukar dei ordningane som er i dag. Kven brukar AFP-ordninga, kva vil evt konsekvensar vere av å heve særaldersgrensane, kva yrkesgrupper er oftast sjukmeld/gradert sjukmeld, får innvilga uførepensjon osv. etter fylte 60 år.
- 3. Kva skal være KS sin posisjon i drøftinger om videre samarbeid om et inkluderende arbeidsliv?**
  - a. Korleis kan eit vidare samarbeid mellom myndighetene og partane i arbeidslivet bidra til å stimulere til nytenking og ny giv i arbeidet med å redusere sjukefråværet og inkludere fleire i arbeid?**
    -
  - b. Korleis bør et vidare samarbeid på nasjonalt nivå innrettast for å bidra til auka måloppnåing i kommunal sektor?**
    -

- c. **Kva andre modellar enn eit vidare nasjonalt samarbeid kan være nødvendig for å oppnå målet om redusert sjukefråvær og eit meir inkluderande arbeidsliv i kommunal sektor?**

Personalsjefen har følgjande stikkord til diskusjon for pkt 3 a, b og c:

- alle partar må vere ansvarlege
- moglegheit til utprøving i anna avdeling enn si eiga på sjukepengar
- sjukmelde arbeidstakrar må prøvast ut i anna verksemد
- eigenmelding må utvidast
- tiltaka må rettast mot ALLE partar ikkje berre arbeidsgjevar
- KS bør ikkje skrive under ny IA-avtale før nye verkty er på plass

**4. Korleis bør KS forhalde seg til nye forslag til bemanningsnormer og kompetansekrav?**

- a. **Bør KS kunne akseptere nye forslag til bindande bemanningsnormer og/eller kompetansekrav under visse føresetnadar? I så fall, kva føresetnadar då?**
- Regjeringa siste vedtak viser at dette ikkje er hensiktsmessig. Om slike tiltak blir innført må det kompenserast økonomisk for dei meirutgiftene dette medfører kommunane.
  - Om man likevel skal tenke normer for bemanning, bør det også gjelde andre sektorer, t.d helse- og omsorg
- b. **Bør KS i staden peike på andre verkemiddel for å ivareta de nasjonale omsyn som ligg bak forslag om bemanningsnormer og kompetansekrav? I så fall, kva?**

**Vurdering og konklusjon:**

Saka vert lagt fram til drøfting og utan tilråding

Berit Lyngstad  
Personalsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Kommunestyret